

Ottar Grepstad

Feiring av forskjellar

Tale på landsmøtet i Norsk Målungdom

Ørsta 20. mars 2010

I 2000, året då Ivar Aasen-tunet blei opna, døydde 78 år gamle Joe Auginaush i heimetraktene sine ved Roy Lake i Minnesota, USA. 20 år gamal gjekk han inn i verdskrigen og tenestegjorde tre og eit halvt år i dei amerikanske styrkane i Europa. Seinare var han skogvaktar og skulebussjåfør i heimstaten.¹

Dette var den kvite sida av livet hans. Den andre sida var å vere indianar. Joe Auginaush hørde til ein indianarstamme som held til i grenseområdet mellom USA og Canada. Ojibwe-indianarane er noko slikt som 250 000 i talet. På sitt eige språk heiter dei anishinaabe, som ganske enkelt tyder menneske. Joe Auginaush heitte i dette språket Giniw-aanakwad, Kongeørn-sky. Han gjorde meir enn å vakte skog og skysse born. Som utøvande dansar var han med og tok vare på ojibwe-indianarane sine kulturtradisjonar, og han underviste dei i språket deira.

Slike historier kan hjelpe nokon kvar med å få perspektiv på livet og språket. Det skal eg også prøve å gjere ved å skissere sju av mange fleire

¹ Historia om Joe Auginaush er henta frå Anton Treuer (red.): *Living our language. Ojibwe tales and oral histories*. Minnesota Historical Society Press 2001, og Margaret M. Williams: "The Ojibwe (Chippewa) Language. Facts and Information about the People Who Speak Ojibwe". *suite101.com*, lesedato 14.5.2009

perspektiv, men først bed eg dykk bli med ut i det som var røynda for Kongeørnsky.

Språket misser oss

Morsmålet til Joe Auginaush var ojibwe. Eg veit ikkje, sa han, kva tid dei bestemte at eg skulle byrje å snakke engelsk, men eg trur eg var om lag åtte år gamal. Engelsk er eitt av dei vanskelegaste språka å lære, og Joe streva. 15 år gamal kom han på ein skule i Nord-Dakota der han ikkje hadde lov til å snakke eller syngje på morsmålet sitt. Berre engelsk skulle brukast. Det språket kunne ikkje Joe då han kom dit, men han kunne det då han drog derifrå nokre år seinare. Leiinga ved skulen hadde banka det inn i han med fysisk makt.

Fleire tiår seinare kom han heim att. Han byrja danse, syngje, snakke, han tok til å snakke ojibwe att. Mange bed meg snakke ojibwe, sa han i ein tale i heimstaten i 1995. Dei forstår ikkje alltid kva eg seier, sa han, men eg snakkar likevel. Så vanskeleg er det å vere både indianar og kvit, sa Joe Auginaush.

Indianaren Joe visste kva toleranse var fordi han hadde fått merke det motsette. Dei som hadde makta i sine hender, brukte hendene til å prøve å banke språk og kultur ut av han. Kor store ord han brukte, veit eg ikkje, men noko av det som lever etter han, er ei setning som er så enkel at berre den som har tenkt mykje og forstått endå meir, kan ordleggje seg slik.

Midt inne i den talen han heldt på ojibwe, 73 år gamal, slo han brått over til engelsk: *Like an old man said, We're not losing our language, the language is losing us.* Det er ikkje vi, sa han, det er ikkje vi som misser språket vårt. Det er språket som misser oss.

Den som kan lage ei slik setning, har sagt meir enn nok. Han treng ikkje seie meir nokon gong. Det er ei setning av det slaget som ikkje gir sjelefred fordi den snur opp ned på den vanlege tenkjemåten. Det vanlege er å snakke om at

språk døyr. Det er ikkje sant. Ingen språk døyr. Språk er skapt av menneske og dermed kultur, ikkje natur. Berre natur kan døy, slik klimakrisa minner oss om.

Kanskje finst det berre to absolutte ord i språket. Truleg er fødsel og død dei einaste absolutte orda vi har, sjølv om vi heldigvis ikkje er sikre på kva som er før fødselen og etter døden. Det som er sikkert, er at det er ingen veg tilbake i nokon av tilfella. På same måten har både språkforskarar og allmenta gjort det til ein vane å snakke om at språk døyr. Den 73 år indianaren forstod kva det gjaldt. Han hadde hatt eit språk, han hadde måtta leggje det bort, og han hadde kunna ta det att.

Slik var han med og gjorde ojibwe til det indianarspråket som i dag står sterkast i USA. Det er det fordi mange foreldre etter kvart gjorde det same som Joe gjorde, og som alle nynorskbrukarar veit verdien av: Dei lærte ungane morsmålet sitt. Så enkel, så vanskeleg, så kvardagsleg ei gjerning. Historia om Joe Auginaush er ei forteljing om eigenverdien av kultur. Eg har prøvt å fortelje den like enkelt som han sjølv gjorde det. Også det viktige *kan* seiast enkelt.

Modernisering etter nasjonsbygging

Historier som denne om Joe Auginaush er det mange som fortel i dag. Få gjorde det då Joe Auginaush blei fødd, og få var det også som høyrde på det som blei sagt. I dag blir slike beretningar sanningsprov om verdien av mangfald og skilnader. Når ein nasjon skal byggjast eller ein fellesskap formast, tvingar alle dei mekanismane seg fram som framhevar likskapar og teier om skilnader. Ein ekstrem tilstand av dette skildra George Orwell i *Kamerat Napoleon* i 1946: ”Alle dyr er like, men noen er likere enn andre.” Om lag på same tida song Thorbjørn Egner: ”Mye er forskjellig, men det er utenpå.”

Noreg var gjennom ein fase med nasjonsbygging frå midten av 1800-talet til langt inn i 1950- og 60-åra. Institusjonar skulle etablerast, lov- og regelverk

formast, velferdsstaten utviklast og ein mest mogleg felles kultur formast. Før eller seinare går ein stat som regel gjennom ei slik nasjonsbygging. Med nasjonsbygginga følgjer gjerne ideen om den eittspråklege staten. Kvar stat skal ha eitt offisielt språk. Det har vore norma. Praksis har vore annleis. Den klassiske norske språkstriden som tok til i 1850-åra, blei eit spørsmål om kva for eit språk som skulle vere språket i nasjonalstaten Noreg. Tanken om det tospråklege eller fleirspråklege samfunnet var fjern for begge sider i striden. Dette gjekk også ut over forståinga for verdien av urfolksspråket samisk og historiske minoritetsspråk som kvensk.

Utover på 1900-talet tok moderniseringa gradvis over for nasjonsbygginga i Noreg. Med modernisering følgjer gjerne andre normer. Særleg ideen om den eittspråklege staten står då for fall. I Noreg skjedde dette samstundes med at den nye innvandringa tok til i midten av 1960-åra. Tidlegare hadde dei fleste innvandrane kome frå grannelanda eller andre vesteuropeiske land. No kom det innvandrare med heilt andre kulturelle referansar. Det norske samfunnet har brukt nokre tiår på å omstille seg til denne nye fleirkulturelle situasjonen.

Tida for ideen om den eittspråklege Noreg er ute. Kva skjer når røynslene som fleirspråkleg samfunn frå gammalt av blir kopla til dei språklege røynslene innvandrane har frå sine land? Desse kjem frå samfunn med mange språk, men sjeldan med så sterke skriftkulturtradisjonar som Noreg har. Resultatet av desse språkmøta avgjer korleis den individuelle språkbruken i Noreg er i 2025 og i 2050.

Tenkjemåten mangfald

Måten vi i dag lyttar til historier som den om Joe Auginaush, vitnar om ei ny språkforståing. I Noreg og i mange andre samfunn blir det tenkt og snakka heilt

annleis om språk i dag enn for hundre år sidan. Ein ny tenkjemåte har kome inn i verda. Mangfald er ein måte å tenkje på, meiner den svenskiranske fleirkulturkonsulenten Rasoul Nejadmehr.² Ein kan ikkje velje vekk dei delane ein ikkje vil ha, ta vare på resten og utrope seg som varm tilhengjar av mangfald.

Noreg er eit fleirspråkleg samfunn med ein språkdelt norsk kulturtradisjon. Denne samla språklege og kulturelle variasjonen gir gode føresetnader for å møte dei utfordringane det fleirkulturelle samfunnet representerer. I staden blir det samla mangfaldet sett på spel. Når folkevalde og forvaltning skal fremje interkulturelle møte mellom det norske og det innvandra, framstiller dei nesten alltid det kulturelle mangfaldet som noko som oppstår i møte mellom det norske og det ikkje-norske. Det kulturelle mangfaldet som så sterkt har prega det tradisjonelle norske samfunnet med sine sosiale og kulturelle variasjonar, skilnader og motsetnader, blir då einsfarga og eindimensjonalt. Det er som om ein må få det norske til å verke einsformig for at ein skal sjå verdien av det innvandra. Då risikerer ein også å gjere det særmerkt nynorske uformeleg og umerkeleg.

Vi må ta vare på dei språklege og kulturelle skilnadene vi har i Noreg, både dei som har vore her i meir enn tusen år, og dei som har vandra inn i landet dei siste tiåra. Elles lærer vi aldri tenkjemåten mangfald, seier Sigve Gramstad, nestleiar i Europarådets ekspertkomité for pakta om regions- og minoritetsspråk.³

Språk er mest utsette der mangfaldet er størst

Joe Auginaush sa at språk døyr ikkje, men kan gå ut av bruk. Eit språk som er

² Sitert etter Sigve Gramstad: "Mangfald på norsk", *Aftenposten* 27.12.2008.

³ Sigve Gramstad, same staden.

gått ut av bruk, kan i prinsippet takast i bruk att. Ein slik prosess vil gå lettare viss det aktuelle språket har vore skriftfesta.

Få veit meir om all verdas morsmål enn Summer Institute i Dallas, Texas. Sidan 1951 har dette amerikanske instituttet for bibelomsetjing kartlagt kvart eit språk på jord og kor mange som bruker det språket. Større marknadsundersøking finst ikkje. I fjor gav instituttet ut den 16. utgåva av språkbibelen *Ethnologue* med 1248 sider om 6909 morsmål.⁴

Om eit språk er truga, er ikkje eit spørsmål om anten/eller, men om kor truga det er. *Ethnologue* rekna i 2009 eit språk som ”nesten utrydda” viss det hadde 50 eller færre brukarar, eller viss andre kriterium tilsa det same. Ut frå dette kom *Ethnologue* til at 457 språk var nesten utrydda.

UNESCO registrerer jamleg kor mange språk som er truga.

Organisasjonen skil mellom fem nivå:

- *Utrygt*: Dei fleste borna talar språket, men bruken kan vere avgrensa til visse område og situasjonar
- *Avgjort truga*: Borna lærer ikkje lenger språket som morsmål heime
- *Alvorleg truga*: Besteforeldre og eldre generasjonar bruker språket, foreldra forstår kanskje språket, men bruker det ikkje seg imellom eller til borna
- *Kritisk truga*: Besteforeldre og eldre generasjonar er dei yngste brukarane, og dei bruker språket sjeldan og berre delvis
- *Ute av bruk*: Ingen bruker språket lenger

Om bruken av språket til Joe Auginaush i USA skriv *Ethnologue* at det har vore gjort fleire samordna forsøk på å snu nedgangen mellom anna ved språkopplæring i skulen, men at det i hovudsak er eldre folk som bruker språket.⁵ Nokolunde det same står om tre av fire variantar av språket som blir talte i Canada. Lysninga ligg i den varianten som heiter vestleg ojibwe: ”Livskraftig i det meste av området, men somme stader føretrekkjer born og

⁴ Paul M. Lewis (red.): *Ethnologue. Languages of the World*, 16th edition, Dallas 2009.

⁵ Paul M. Lewis, same staden, s. 309.

unge engelsk.”⁶ I beste fall er ojibwe eit alvorleg truga språk.

UNESCO meiner at om lag 2500 språk er truga.⁷ Då er vel 200 språk rekna med som er gått ut av bruk etter 1950-åra. Over 1000 språk er anten alvorleg eller kritisk truga. Faren er størst i 33 land med til saman 2100 truga språk. Kombinert med dokumentasjon frå Ethnologue tyder dette på at ein tredel av språka i desse landa er truga. Mest utsett er det språklege mangfaldet i Brasil, Russland og Bolivia. Der er ni av ti språk er i fare. Også i Colombia og Venezuela er svært mange av språka truga. Av språk i Noreg har UNESCO fem på lista si: Nordsamisk er avgjort truga, skoltesamisk, lulesamisk og sørsamisk er alvorleg truga, og pitesamisk er kritisk truga.

Korkje nynorsk eller bokmål står på noka slik liste over truga språk. Viss vi forstår norsk som den fiktive summen av nynorsk og bokmål, har berre 130 språk i verda fleire brukarar enn norsk.⁸ Den store språkskilnaden i verda går mellom dei språka som berre er talespråk og dei som også er skriftspråk. Om lag 6900 språk blir talte. Ingen har rekna på kor mange av desse som også er skriftspråk, for ikkje å snakke om kor mange skriftspråk som kan seiast å utgjere ein skriftkultur.

Ei av dei beste bøkene om skriftkultur kom eg over ved eit slumpetreff ein altfor varm sommardag i Berlin. Eg søkte ly mot varmen i ein bokhandel. Der låg boka. Peter Steins *Skriftkultur. Eine Geschichte des Schreibens und Lesens* frå 2005. Han følgjer utviklinga av språk og skrift frå dei tidlege grafiske teikna og fram til moderne skriftkulturar, og gir eit strålande, kjeldekritisk oversyn over den menneskelege omgangen med språk gjennom 35 000 år. Eitt av dei mange poenga hans er så enkelt at det knapt ser viktig ut: ”Som kultur i det heile er skriftkultur i mindre grad ein tilstand enn ein prosess, med ei alt anna enn rettlinja utvikling.”⁹

⁶ Paul M. Lewis, same staden, s. 252.

⁷ Ottar Grepstad: *Språkfakta 2010*, www.aasentunet.no, tabell 1.8.

⁸ Paul M. Lewis, same staden, s. 33 ff.

⁹ Peter Stein: *Skriftkultur*, Lüneburg 2005, s. 22.

Språk endrar seg, skriftkulturar endrar seg, og vår forståing av begge delar endrar seg.

Gamle rettar og nye språk

Dei språklege forskjellane skal ikkje berre feirast. Dei må dyrkast kvar einaste dag. Elles blir skilnaden mellom haldning og handling mykje større enn rekkjefølgja av tre konsonantar. Noreg har vore eit fleirspråkleg samfunn i meir enn tusen år, først i tale, så også i skrift. Med dei nye innvandra kulturane melder spørsmålet seg om kva rettar desse skal ha for sine språktradisjonar. Vesteuropiske land har som regel utvikla ein språkpolitikk der historiske minoritetar har andre rettar enn dei nye innvandrarane har.

Mange nordmenn er usikre på kva den engelske påverknaden inneber, kva dei bør meine om denne påverknaden, og kva som bør gjerast. Endå meir usikre er dei på kva rettar innvandrarane skal få for sine språktradisjonar. Veggen til ei vellykka sosial integrering går gjennom språket; innvandrarane må meiste norsk. Det siste tiåret har dette blitt eit såpass unisont krav at den andre sida av saka er blitt borte: Korleis skal innvandrarane ta vare på eigne kulturtradisjonar samstundes som dei blir språkleg og sosialt integrerte i det norske samfunnet?

Til no har mange etniske nordmenn hatt meir forståing for utvandrarane enn for innvandrarane. Utvandra nordmenn som har teke vare på norske tradisjonar i USA, vekker sympati. Det same gjer norske koloniar i pensjonslandet Spania, i det minste hos folk flest. Når utvandrarar frå andre verdsdelar kjem til Noreg og blir innvandrarar, er sympatien meir skjør.

Dei mange nye språkmøta mellom innvandrarar og etniske nordmenn frå 1960-åra og frametter har gjort nordmenn meir avslappa i språkspørsmålet. Skilnader som før var provoserande, er ikkje lenger så farlege. Likevel er det blitt slik at det ein ikkje slepp unna med å meine eller seie om innvandrarar, kan

ein gjerne meine eller seie om nynorskbrukarar og fenomenet nynorsk.

Samstundes som innbyggjarane i Noreg skal finne ut av haldningane sine til det innvandra kulturelle mangfaldet, skal dei også handtere det etablerte norske mangfaldet. Det burde vere enkelt, men er det ikkje.

I 1996 var det mykje mindre velvilje overfor nynorsk hos framandspråklege elevar enn hos elevar med norsk som førstespråk.¹⁰ Ti år seinare var det mange fleire framandspråklege elevar i Noreg, men den språklege og sosiale integreringa har ikkje kome mykje lenger.

Det er blitt meir sjølv sagt at radio- og tv-programma skal ha fleire deltakarar frå innvandramiljøa enn at dei skal ha fleire med nynorskbakgrunn. Det er lettare å sortere og kvotere etter etnisitet enn etter språk og målform. Svaret er både og, ikkje anten eller.

Mellom norsk tale og engelsk skrift

Gjennom Internett er historia om Joe Auginaush spreidd for all verda. Internett kan forståast som eit medium for effektiv spreiding av dei dominerande språka og kulturane. Like relevant er det å sjå Internett som ein eineståande sjanse for mindre brukte språk, regions- og minoritetsspråk. Internett kan brukast både til å gjere desse språka meir synlege enn dei elles har kunna vere, og til å utvikle bruken av desse språka.

På ganske få år er Internett blitt eit dagleg medium for fleirtalet av innbyggjarane i mange land, Noreg ikkje minst. Det pregar tekstproduksjonen i dette mediet. Internett gir høve for mange fleire til å kome til orde, og representerer ei demokratisering av skriftkulturar som alt finst. Med breiare sosial rekruttering av dei som skriv, blir også spennvidda større i måten dei skriv på. I Noreg har dette ført til at både dialektar, sosiolektar, etnolektar og sjargong

¹⁰ Ottar Grepstad: *Nynorsk faktabok 2005*, Ørsta 2005, tabell 3.12 og 6.2.

pregar ein del av tekstproduksjonen. Internett kan over tid påverke forståinga av skilnaden mellom skrift og tale, særleg i land der talespråket har høg prestisje. Talegjenkjenningsteknologi kan også kome til å gjere normert tale meir vanleg.

Alt dette gjer at Internett langt frå berre er endå ein kanal for meir engelsk inn i andre språksamfunn. Internett kan både gi mindre brukte språk nye utvegar, og gjere det lettare for andre store verdsspråk å utfordre det engelske hegemoniet. Her vil likevel økonomiske styrkeforhold mellom land og regionar vere grunnlaget for dei språklege endringane som pregar Internett dei neste tiåra.

Den norske økonomien er svært open, og mange bedrifter produserer for eksport eller lever av import. Likevel er det store fleirtalet av bedrifter først og fremst knytt til heimemarknaden. Då er dei også avhengige av å bruke norsk og å kunne godt norsk. Ei omfattande spørjeundersøking i 2008 viste at bedriftsleiarane ikkje er så likegyldige i språkspørsmålet som den offentlege debatten har gitt inntrykk av. Mange bedriftsleiarar er usikre, og dei veit at feil strategiar kan få store følgjer.¹¹

Som praktisk reiskap vil engelsk i varianten Bad English framleis bli verande ein effektiv kommunikasjonsreiskap i internasjonalt samkvem. Samstundes fører EU og oppbygginga av nye økonomiar som Kina og Brasil til at mange fleire språk enn engelsk vil bli brukte i internasjonal handel.

Også næringslivet blir dermed prega av større språkleg mangfald. Det kan innebere at fleire bedrifter tek sjansen på å bruke heimespråket sitt. Det er i mange tilfelle nynorsk. Utover på 2000-talet blei det gradvis meir legitimt å bruke nynorsk i reklame, dels for å skilje seg ut, dels for å formidle visse verdiar. Samstundes heldt ein del verksemdar fram med å vere tospråklege ved at dei brukte nynorsk lokalt og bokmål nasjonalt. Slike språkvanar kan bli utfordra.

¹¹ Ottar Grepstad: *Språkfakta 2010*, www.aasentunet.no, kap. 11.

Saman for skilnader

I 2010, året då Ivar Aasen-tunet rundar ti år, blei Joe Auginaush meir enn ei historie. Han blei eit argument for feiring av forskjellar. Det er ikkje dei sosiale eller økonomiske forskjellane som skal feirast, slett ikkje. Det vi kan feire, er at styresmaktene i mange land tenkjer heilt annleis om språk i dag enn dei gjorde berre for nokre tiår sidan, og at mange innbyggjarar i desse landa gjer det same. Lenge var språklege forskjellar mest å rekne som eksotiske innslag der vestlege turistar kjøpte seg forbi alle køar av svoltne eller fattige innfødde. Framleis let somme seg sjarmere av svensken som inviterer til Olas köttbullar i landet Syden. Først og fremst aukar interessa for det som skil seg ut, som ikkje er det vanlege, slikt ein ikkje veit så mykje om.

Den eldste kjende spørjeundersøkinga om norske språkhaldningar er frå 1946. Då ville berre 15 % halde på både bokmål og nynorsk som skriftspråk. Av dei som ville ha eitt skriftspråk, gjekk 66 % inn for bokmål og 30 % for nynorsk.¹² Oppslutninga om nynorsk som einaste skriftspråket var størst i sør og vest, og størst om bokmål i aust og nord. No er haldninga ei heilt anna. Språklege forskjellar er blitt viktigare og meir verdifulle.

Paradokset er at dei partia som ville unngå uniformering og sosialdemokratisk likskap då Noreg skulle gjenreisast etter 1945, også var dei som hadde minst sans for språklege forskjellar. Noreg skulle ha eitt språk, og det skulle vere bokmål. Nokre av dei som no gler seg over språklege forskjellar i verda, kan prise seg lykkeleg over at dei ikkje greidde å uniformere sitt eige land.

I 49 år har Norsk Målungdom i liten grad feira desse forskjellane. År etter år har Norsk Målungdom arbeidd for å skape slike forskjellar. Organisasjonen har stilt dei spørsmåla andre ville oversjå, men som utgjorde den skilnaden som er og nok alltid vil vere mellom vanetenkinga av i går og nytenkinga for i

¹² Ottar Grepstad: *Språkfakta 2010*, www.aasentunet.no, tabell 7.27.

morgon.

Då Norsk Målungdom blei skipa, dreiv Noregs Mållag rundt i ein språkpolitisk skoddeheim, det var Kringkastingsringen som gjaldt, Det Norske Teatret hadde teaterpremiere nr. 425 i si historie, og Det Norske Samlaget var i ferd med å endre seg i retning av eit moderne forlag.¹³ Norsk Målungdom kom i gang nett det året då ideen om Dag og Tid blei lansert på eit møte i Bondeungdomslaget i Oslo. I 1961 hadde Ivar Aasen-museet 2000 gjester; i fjor hadde Ivar Aasen-tunet ti gonger så mange.¹⁴

Kring 1960 var der få nynorskinstitusjonar. I dag er vi mange. Dei siste tiåra har nynorsk skriftkultur fått jamt fleire institusjonar med klart definerte oppgåver. Typisk for neste alle er at dei er små. Likevel er det først og fremst desse små nynorskmiljøa som på kvar sine område må ta eit meir samla ansvar for heile den språkdelte norske skriftkulturen. Enno er det slik at kulturinstitusjonane jamt over er institusjonar som helst ser berre den eine sida av den språkdelte norske skriftkulturen.

Feiringa av forskjellane må altså ikkje ta frå oss evna til å snakke saman. Difor har det vore stas for meg å møte den nynorske framtida berre for å minne om at samfunnet Noreg er som det er fordi så mange av oss gjer som Giniw-aanakwad, men med mykje mindre risiko: Vi skriv og snakkar med språket som innsats.

Slik ser eg det. Takk for at de ville høyre meg seie det slik.

¹³ Ottar Grepstad: *Språkfakta 2010*, www.aasentunet.no, tabell 16.8.

¹⁴ Ottar Grepstad: *Nynorsk faktabok 2005*, Ørsta 2005, tabell 18.9.